

Møte Moster sokneråd tysdag 18.04.2023

Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta F Ekberg, Camilla Rubach, Elin Taranger, og Gerda Bondø

Sak 29 – 2023 Godkjenning av møtebok frå 21.03.23 og innkalling.

Innkallinga vart godkjend med tillegg av sak 38: Kvartalsrapporten, 1. kvartal
Møtebok godkjend

Sak 30 – 2023 Samtale med Representantar frå Estlandskomiteen.

Me snakka kort om historikk, noverande arbeid og strategiske vurderingar.

Gunnvald orienterte om oppstart og arbeidet som har vore gjort. Kyrkja i Sangaste hadde gått konkurs om ikkje dei hadde fått hjelp frå Noreg. Det seier dei også sjølv. Ungdomar har blitt konfirmert og menneske har blitt kristne i arbeidet. Lillian Alfsvåg Jensrud orienterte vidare om arbeidet. Ho fortalde om eigne opplevingar i Estland, mellom anna om dramatiske historiar frå flyktningar frå Ukraina. Komiteen jobbar med korleis å formidle betre om arbeidet, både gjennom reisebrev i Bømlo-nytt, og orientering i sokneråda. Problem: Me vert oppfatta som «den rike onkelen,» og som ansvarlege for ulike opplegg.

Sak 31 – 2023 Oppfølging av tidlegare saker.

*** Sal av teknisk utstyr.** Halfdan Endresen har ansvar for sal. Kor står saka? Er enno ikkje selt. Prisen bør nedjusterast.

***Temakveld 27.04. Fordeling av oppgåver.**

Elin kjøper inn frukt og twist. Gunnvald leiar og kjøper ein blomst. Rune og Elin kan vere med å setje ut bord klokka 18.00

***Dugnad i kyrkja: Dato og innhald.**

9. og 10. juni: Vaske og olje golv – korleis legg me opp dette? Vask på fredag, oljing på laurdag
8. juni: Rydding frå kl. 15.00 og utover. Kva plan har me? Detaljplanlegginga vert utsett til 9. mai. Nasreen vert invitert til å vere med då.

***Oppretting av eigen ungdomskomite.** Kvar står saka? Saka vert utsett til neste møte.

***Me spør Salem om leige av lokale frå 23.10 til og med 27.11. Kvar står saka?** Salem seier det er OK.

***Soknerådsvale 2023.** Kvar står saka? Kva er neste frist? Ansvar ligg no hjå kyrkjevevja.

***Evaluerings av KN-aksjonen.** Over 44000 kroner kom inn. Fleire vaksne må engasjere seg.

***Konfirmantfest.** Kvar står saka? Alt er på plass.

***Barnekroken.** Kvar står saka? Trusopplæringsutvalet får ansvaret for oppgraderinga av innhaldet. Når det gjeld stolar og matter finn me ei praktisk løysing på neste møte.

Sak 32 – 2023 Årsmøte og årsmelding. Kva må følgjast opp?

På årsmøtet fokuserte me særskilt på kva som kan gjerast for å auka oppslutnad om gudstenesta. Me går gjennom notat frå årsmøte. Me ser også på hovudreferatet frå møtet.

Vedtak: Dokumentet må signerast av alle dei aktuelle før det skal arkiverast. Camilla tek ansvaret.

Oppslutnad om gudstenesta: Bli flinkare til å spørje konfirmantforeldre til å gjere ting, t.d. lage kake. Få nokon til å presentere «min salme,» eller «mitt vitnemål.» Me tek tak i fleire av punkta ved seinare høve. Me tek hovudreferatet etter utsending

Sak 33 – 2023 Giro-aksjonen i april.

Vedtak ved AU 10.04.23 grunna tidspress i saka: Framlegg frå kasserar og nestleiar til tekst på giro vert godkjent. Aksel L trykkjer opp giroar. Aktuell dato for fulldistribusjon av Bømlo-nytt vert 26.04. Tal på husstandar vert henta frå Bømlo-nytt.

Sak 34 – 2023 Førebuing til konfirmasjon

Den 9.mai 14:30 må kappar vera klare, inklusive 3 nye store, og nokre må vera der for å hjelpa til. Kyrkja må pyntast utvendig og innvendig til 13. og 14.mai.

Vedtak: (Dei tre nye kappane kjem ikkje i tide. Me tek kontakt med Bremnes sokneråd, for å få låne nokre store kapper. Elin spør Bremnes sokneråd.) Gerda har sagt ja til å hjelpe til med kappene. Elin bestiller og hentar blomar, og er med og pyntar inne i lag med Nasreen. Rune tek ansvaret for pyntinga ute. Pyntinga inne må skje laurdag morgon, så blomane er ferskast mogleg.

Sak 35 – 2023 Datoar for soknerådsmøte hausten 2023

Forslag: 15/8; 12/9; 10/10; 14/11; 12/12

14.11. vert overlappende møte med nytt sokneråd.

Vedtak: 22/8, 19/9, 17/10, 14/11 og 12/12 Samråingsmøtet vert flytta til den 26/9

Sak 36 – 2023 Fordeling av oppgåver til amfigudstenesta 4/6.

Det er ynskjeleg at nokon frå Moster tek kommandoen på det som skal gjerast av kyrkjevertar frå alle dei fire sokna i Bømlo. Sjå brev som er sendt på e-post om saka.

Vedtak: Elin tek ansvaret for å setje opp ansvarsliste. Me tek detaljane på møtet i mai.

Sak 37 – 2023 Referat og meldingar

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet

Kyrkjemusikalsk utval

Diakoniutvalet: Ein må ta meir omsyn og hjelpe skrøpelege folk til nattverd.

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen

Felleskristen komite 1000-årsmarkering kristenretten.

Frå fellesråd og administrasjon.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Sak 38 – 2023 Kvartalsrapporten, 1.kvartal

Vedtak: 1. kvartalsrapport vert teken til vitande.

Sak 39 – 2023 Framlegg frå Øystein Skullerud om orgelinnviing i Moster kyrkje i påsketida 2024

Vedtak: Me tek opp saka på neste soknerådsmøte